

Glukose i serum

Blodsukker

Bakgrunn

Monosakkaridet glukose er ei viktig energikjelde for dei fleste vev, særleg sentralnervesystemet som berre kan metabolisere glukose og ketonlekamar. Konsentrasjonen av glukose i plasma blir regulert av fleire hormon, insulin er den viktigste. Glukagon, adrenalin, glukokortikoid, veksthormon og tyroksin aukar også s-glukose.

Indikasjonar

Mistanke om hypo- og hyperglykemi. Kontroll av diabetes mellitus. Ved diagnostikk av diabetes blir HbA1c nytta som førsteval, medan fastande glukose eller glukosebelastning blir nytta hos pasientar med unormal hemoglobinomsetting (gravide, pasientar med anemi, etter blodtransfusjon, hemoglobinvariantar).

Prøvemateriale



0,5 mL serum tatt på rør tilsett gel eller rør utan tilsetning.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

Ved diabeteskontroll må ein ta glukose fastande.

Referanseområde

4,0 - 6,0 mmol/L

Ved verdiar < 2,5 mmol/L eller > 20,0 mmol/L vil rekvirenten bli forsøkt varsla.

Tolkingar

Hyperglykemi førekjem ved mangel på insulin (diabetes mellitus). Forbigåande hyperglykemi kan sjåast ved akutte stressreaksjonar, td. hjerteinfarkt og sepsis.

Hypoglykemi ser ein til dømes ved overdosering av insulin og sulfonylureapreparat.

Feilkjelde: Falskt låge verdiar dersom serum ikkje blir skilt frå blodlekamane innan ein time etter prøvetaking.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 5,6 %